



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5117 - 22/72734

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
21.09.2022

## Søknad om dispensasjon til utfale - gbnr 212/5 Eikanger øvre

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå arealformål for arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr 212/5,122  
Tiltakshavar: Karen Anita Kvestad  
Heimelshavar: Magnar Eikanger

Saka gjeld søknad om arealoverføring av omlag 920 m<sup>2</sup> frå gbnr 212/5 til gbnr 212/122.

Gbnr 212/5 er registrert med eit areal på 282 da i matrikkelen. Gbnr 212/122 har eit registrert areal på 667.5 m<sup>2</sup>. Mottakareigedomen er bygd med vertikaldelt tomannsbustad.

Arealet er registrert som open fastmark, samferdsel og ein liten del som skog i NIBIO sitt gardskart.


Det går private Va leidningar over arealet som vert søkt overført.

Tilkomstveg til bustadeigedomane gbnr 212/122 og gbnr 212/123 går over arealet.

### Planstatus

Arealet er uregulert og sett av til LNF spreidd bustadformål i kommunedelplan for Lindås (KDP). Arealet ligg innafor omsynsone H510\_oL17 landbruk og innanfor gul støysone.


### Kart




Frå situasjonsplanen



Ortofoto 2019



Kommunedelplan



Frå Gardskart

## VURDERING

### Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå arealformål LNF. Søknaden er grunngjeven med at arealet ikkje er eigna for landbruksformål. Det består av ei bratt skråning og opparbeidd veg. Det er i hovudsak eigar av gbnr 212/122 som har stått for vedlikehald av vegen. Ut frå samtale med tiltakshavar forstår administrasjonen at det også er andre som nyttar vegen utan å ha vegrett.

Ved å eige vegen vil ein forhåpentleg lettare få andre brukarar av vegen til å vere med på vedlikehald. Eigar av gbnr 212/122 har munnleg avtale med grunneigar om opparbeiding og bruk av parkeringsplass for lagring av campingvogn på arealet.

Kommunen går ut frå at gbnr 212/122 og 123 har tinglyst vegrett over arealet. Likeins rett til å ha vass- og avlaupsleidningar liggande. Desse rettane vil bestå for gbnr 212/123 sin del sjølv om arealet skiftar eigar.

**Jordlova**

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådeling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Karen Anita Kvestad

Mykingvegen 109

5913

EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER